



Tine Elise Berger

Referansar:

Vår: 15/1503 - 15/20816

Saksbehandlar:

Margit Rimeslåttan

Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:

03.06.2015

Angående svar på førespurnad om utgreiing - gbnr 38/55 Hodne

Syner til tilbakemelding på førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve på eigedommen gnr 38 bnr 55. I e-post den 29.05.2015 vert det vist til at bygget er ca 29 m² og vert nytta til stall. Du informerer også om at du vil ta kontakt med fagfolk for å få vidare bistand i saka.

Som vist til tidlegare er oppføring av eit bygg, som vert nytta til stall, i strid med reguleringsplanen sidan eigedommen er regulert til bustad. Det er også opplyst om at du eventuelt kan ta kontakt med byggesaksvakta hjå Lindås kommune for vidare rettleiing dersom du vel å søkje om tiltaket. Tiltaket krev då blant anna dispensasjon frå reguleringsplanen.

Vi ber difor om at eventuell komplett søknad vert sendt til oss innan 24.06.2015, eventuelt at bygget vert fjerna innan same fastsett frist. Vi gjer merksam på at saka elles vert følgt opp som eit ulovleg tiltak.

Med helsing

Tor Hegle
Einingsleiar

Margit Rimeslåttan
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

